



Vedtekter til Balestrandprisen

Vedteke i kommunestyre 13.12.2012.

1. Balestrand kommune kan kvart år dele ut Balestrandprisen.
2. Prisen har som føremål å fokusere på positive tiltak innan bygningsmiljø/hagemiljø, næring, nyetablering, kultur og kulturarv, frivillig arbeid m.m. Mottakaren av prisen har på sitt område vist evne og vilje til å yte aktiv innsats for innbyggjarar i Balestrand kommune.
3. Prisen kan delast ut til einskildpersonar eller grupper av personar, bedrifter, lag og organisasjonar m.fl som høyrer heime i kommunen.
4. Administrasjonen syter for å gjere prisen kjend. Frist for innsending av framlegg til kandidatar er 20.01 det påfølgande året prisen gjeld for.
5. Utval for plan og utvikling (UPU) avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den.
6. Prisen er eit diplom og ei pengegåve stort kr. 5.000,-. Beløpet må årleg innarbeidast i budsjett. Prisen skal utdelast i siste kommunestyre før påske.